



## MEDLEMSSKRIV FEBRUAR 2021.

Fusjonen mellom Bjerkreim Avløysarlag SA og Gjesdal Avløysar- og Rekneskapslag SA er no formelt godkjent i Brønnøysund (26.01.2021).

### **Kontaktopplysningar nytt lag:**

Namn: Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA, Nesjane 3, 4389 Vikeså

Mobilnummer: 94 08 75 01

E-post: [bjerkreim.gjesdal@n-lt.no](mailto:bjerkreim.gjesdal@n-lt.no)

Heimeside: [www.bjerkreim-gjesdal-lt.no](http://www.bjerkreim-gjesdal-lt.no) (kjem på plass i løpet av månaden)

### **Landbruksvikarar:**

Det er for tida 4 tilsette landbruksvikarar i det fusjonerte laget. Alf Helge Søyland, Even Idland Espeland, Tone Iren Gravdal og Erling Bårseth (Ingrid Marie Austdal har foreldrepermisjon). Dei gjer ein kjempeinnsats for at de som bønder skal få hjelp i samband med sjukdom, fødsel, ferie/fritid m.m. Takk for at de er flinke til å bruke dei når dei er ledige.

Etter fusjon av 2 lag med noko ulik praksis når det gjeld fakturering av Landbruksvikar, er det behov for å gjere nokre endringar. Gjeldande satsar frå og med 01.02.2021.:

Sjukeavløysing / fødsel: Kr. 1.670,- pr dag. (kr. 223,- pr time).

Ferie/fritid forhåndsbestilt: Kr. 2.000,- pr dag. (kr. 267,- pr time)

Ferie / fritid når landbruksvikar elles er ledig: Kr. 1.670,- pr dag. (kr. 223,- pr time.)

### **Digital timeregistrering:**

Det er no tilbod om digital registrering av timelister for alle medlemmer i Laget. Ta kontakt og få tilsendt påloggingsinformasjon for deg og avløysaren din.

### **Lønnstabell:**

Som vedlegg til dette medlemsskrivet ligg det ein lønnstabell (**retteleiane satsar**) som gjeld for begge kommunane.

### **Betaling av faktura - rentebelastning:**

Minner om at Laget har ein betalingsfrist på 7 dagar på utsendte fakt. Etter det vert du som medlem rentebelasta etter satsar fastsett i «Lov om renter ved forsinket betaling», som for tida er **8%**. Laget har avgrensa likviditet og er avhengig av at betaling skjer på forfall.

### **Årsmøte:**

Årsmøte (med valg av nytt felles styre) er foreløpig planlagt til onsdag 17. mars på Gjesdal Bygdahus. Det kan verte endringar ut frå gjeldande koronarestriksjonar.

Innkalling kjem i slutten av februar.

Helsing

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA

Samuel Lima Madland (sign.)

---

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA

Nesjane 3

4389 Vikeså

Åpningstider:

tirsdag, onsdag og fredag - Bjerkreim

mandag og torsdag - Gjesdal

Org.nr. 871 343 012 MVA

Kontonr. 3207.30.36371

Mob. 94 08 75 01